

**– Vis respekt for folkerøystinga**

**– No held kommunestyra i Hareid og Ulstein på å hoppe bukk over to år med reformarbeid. Vi kan ikkje late att auga for råda frå folket, late som ingenting og starte på nytt med hasteavtalar i sommarferien som skal halde god kvalitet og spikrast i august.**

Både i Hareid og Ulstein kom det brått forslag i kommunestyra no om at ein skal starte ein hurtigprosess i sommar for å lande ei samanslåingsavtale i august. Eigentleg skulle både kommunestyret i Ulstein og kommunestyret i Hareid røyste over å halde fram som eiga kommune, eller om dei skulle gå inn på ein eller annan konstellasjon basert på Runde-avtalen. Hareid har i tillegg avtale med fleire kommunar i Ålesundsavtalen. Sjølv om resultatet frå folkerøystingane la dei to intensjonsavtalane død, la den vedtekne framdriftsplanen opp til at kommunestyra skulle gjere opp si meining på grunnlag av reformarbeidet og folkerøystingane.

### **Håp om siste sjanse**

Fylkesmannen sette endeleg frist for samanslåingsvedtak 1. juli, og denne står enno. Men i eit skriv som Fylkesmannen har sendt til kommunane siste veka, er det opna for at ein kan kome med tillegg. Både Ulstein og Hareid, og fleire andre nei-kommunar, får då i realiteten utsett frist dersom kommunen skriv at ein "er i prosess med ei anna kommune." Dette kan ettersendast til høyringsdokumentet frå Fylkesmannen går i trykken og vert sendt til Stortinget i september. Grunngevinga er mellom anna at det framleis kan vere håp om å gjere nye samanslåingsavtalar der folkerøystingane til dei opphævelege avtalane var negative.

Det verkar som ein har gløymt resultatet frå folkerøystingane 19. mai. Ingenting trumfar ei folkerøysting. Det måtte eventuelt vere med nye informasjonsrundar, nye folkemøte og ei ny folkerøysting.

Siste to åra har vi har fått opplæring, sett på framtidige oppgåver, informasjon om tenester, sett på ny inntektsmodell, hatt sonderingar, reist til Danmark, hatt møte, forhandla, skrive avtalar og lagt alt fram for innbyggerane – og røysta over alt saman. – Det er brukt hundrevis av timar.

### **Kva skal innbyggerane tru?**

Dersom dette grundige arbeidet var fånytt, kva fornuftig skal då kome fram med hastverksarbeid midt i sommarferien? Og korleis skal folk kunne ta stilling til dette?

Dette skaper berre politikarforakt. No har vi lagt fram resultatet etter to år med arbeid. Det var ikkje alle som ville ha ei folkerøysting ein gong. Men når vi gjekk ut og let alle få røyste – ja, då skulle det berre mange at vi ikkje tek rådet som kom. Folk vil miste trua på oss folkevalde. Vi kan ikkje halde folk for narr på denne måten.

Dei folkevalde bør ikkje gløyme resultatet frå folkerøystingane 19. mai. Ein omkamp med siste sjanse om å samle Hareid og Ulstein har ingenting med denne reforma å gjere. Det har kome fram mange gongar i arbeidet.

Konklusjonen etter 2012-utgreiinga var klinkande klar på at ei samanslåing med Ulstein ville ikkje gje positive effektar, men at eit samarbeid mellom kommunane kunne med fordel utviklast.

**No må vi samarbeide**

Ei eventuell ny tilnærming mot Ulstein må takast over svært lang tid der det i så fall vert gjort eit grundig arbeid. Og sjølvsagt må det munne ut i ei folkerøysting dersom arbeidet vert ført heilt til endes, seier Fuglseth.

I mellomtida må Hareid fokusere på å drive kommunen best mogleg som den er i dag, i tillegg til å utvikle samarbeid på tvers av kommunegrensene. Å bruke meir ressursar på kommunereform i denne omgangen er å øydsle med kommunale midlar.

*Kristian Fuglseth, varaordfører i Hareid kommune*